

Planinitiativ

Etter [Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven](#) skal tingingar om oppstartsmøte for private reguleringsplanar innehalde eit planinitiativ som i naudsynt grad skal omtala premissane for det vidare planarbeidet.

Stadnamn, gnr./bnr.	4/89
Framlegg til plannamn	Skutevik

Planinitiativet skal dokumentera utgangspunktet for planarbeidet, og syta for at forslagsstilla får ei forståing av dei juridiske og fysiske høva i området før det tingast om eit oppstartsmøte. All informasjon som skal inngå i planinitiativet er relevant, og må uansett verte innhenta i løpet av ein vanleg planprosess. Informasjonen bør fyllast ut så langt det er formålstenleg for å få ei god forståing for kva som blir iverksett, og for kommunen å kunne ta stilling til framlegget.

Hovudinnhaldet i planinitiativet

Bakgrunnen for planinitiativet er at grunneigar ynskjer å byggja naust. Grunna kommuneplanen sine føringar om plankrav, lyt detaljreguleringsplan utarbeidast først.


Den aktuelle tomta er allereie opparbeida, og det er støypt bakvegg for naust som støttevegg til vegtilkomst. Det er difor i utgongspunktet aktuelt med inntil 2 nye naust ihht gjeldande reglar gitt i kommuneplanen. Det kan vera aktuelt å sjå om det er interesse for å utvida planområdet noko for å ta med ikringliggjande eigedom(ar) men dette kan diskuterast i oppstartsmøte.

Ein tenkjer å foreslå å anordna eksisterande utfylling i sjø kombinert med kai i treverk på delar av området for å forbetre kaifront i høve til eksisterande situasjon.


Aktuelle arealføremål i planen er naustføremål, småbåtanlegg i sjø og vassdrag, blågrønstruktur, køyreveg/privat veg, anna veggrunn, parkeringsplass samt bruk og vern av sjø og vassdrag.

Planområdet

- Området er ein nordaustvendt nes i sjø. På neset er det sett opp ein fritidsbustad, medan sjølve Skutevika er delvis bebygd av naust.*
Nausttomta ein ønskjer å detaljregulera er i hovudsak opparbeidd og utfylt.
- I kommuneplanen er området avsett til naustføremål både på land og i sjø, og det er difor tilstrekkeleg areal til naustbygg og bryggeanlegg.*



Bildet viser kommuneplanstatus



Framlegg til planavgrensing

Verknadar av planinitiativet

- **Veg, trafikk, parkering:** vegtilførsel fra kommunal veg Børøyvegen. Vegtilførsel er eksisterende. Parkering er tenkt løyst innanfor planområdet. Tiltaket kjem ikkje til å medføra nemneverdig trafikkauge.
- **Kulturminne, -miljø.:** Ingen kjente påverknadar
- **Naturmangfold, landbruk, vassførekomstar, landskap, fjernverknad:** Ingen vesentleg påverknad
- **Friluftsliv:** Ingen vesentleg påverknad
- **Infrastruktur:** Dersom naust skal ha vasstilkopling, må dette vera privat løysing. Eventuell vatn/avløp skal utgreiaast i planlegginga av området.

Konsekvensutgreiing

Tiltaket verkar ikkje å ha vesentleg verknad på miljø eller samfunn, ref § 10 i Forskrift om konsekvensutgreiingar. Det er difor ikkje naudsynt å konsekvensutgreia verknadane av planen.

-Samfunnssikkerhet og risiko

Området har ikkje vesentlege sikkerhets- og risikomoment ut over det som er gjeldande også mange andre stadar i kommunen. Området ligg ikkje i rassone, men er noko utsett for vindkrefter, spesielt frå nord. Bygningar må etablerast i sikker høgde i forhold til springflo/stormflo. Det vil verta tilgong for utsynskjøretøy over privat veg.

Medverknad

- *Offentlege organ.*
- *Interesseorganisasjonar, foreiningar*
- *Grunneigarar, festalar, naboar, andre interesserte.*
- *Moglege interessekonfliktar: Ingen kjente konfliktar.*